

Statusrapport frå studentombodet

2019 - 2020

Frå 1. august 2019 blei ordninga om studentombod for fagskolen lovfesta. Fagskolestyret vedtok 26. september 2019 i ein overgangsfase ei midlertidig løysing for fagskolane i Møre og Romsdal, der elev- og lærlingombodet varetek ordninga som studentombod¹.

Ei permanent løysing for ordninga med studentombod er enda ikkje på plass.

Her kjem ein statusrapport frå studentombodet. Rapporten seier litt om kva som har vært gjort sidan oppstarten i oktober 2019 og fram til rapportering no i september 2020, og kva ombodet ser som viktig i arbeidet framover.

Rapporterande ombod er Tove Regine Stranden.

Ordninga med studentombod

Bakgrunnen for lovfesting av ordninga med studentombod er blant anna kvalitetsmeldinga *Kultur for kvalitet i høgere utdanning*² og eit sterkt trykk frå studentorganisasjonane. Lovforslaget kom i Prop.89 L (2018-2019)³.

Formålet med studentombodet sitt arbeid er i all hovudsak å medverke til at fagskolestudentane i sine rettar og plikter blir vareteke av fagskolen best mogeleg. Ordninga med studentombod er meint som eit lågterskeltilbod, og skal gi fagskolestudentane råd og hjelp i saker knytt til deira studiesituasjon.

- Studentombodet har teieplikt, og saker frå studentane blir ikkje tatt vidare utan samtykke.
- Ombodet har ikkje møte- og talerett i fagskolestyret.
- Ombodet har ikkje eige budsjett til informasjonsmateriell, fagleg oppdatering og reiseverksemd.
- Mandat for ordninga er sendt til fagskolestyret for behandling.

Midlertidig løysing:

Rolla som studentombod er midlertidig vareteke av elev- og lærlingombodet, og er administrativt plassert saman med kontrollsekretariatet og mobbeombodet for barnehage og grunnskole. Dette for å vareta rolla som ei uavhengig teneste.

Ombodet sitt arbeid sidan oppstart i oktober 2019

Ombodet har brukt mykje tid på å sjå på kva som ligg til grunn for ordninga, og kva føringar som er gitt for studentombodet sitt arbeid. I tillegg er fagskolane i Møre og Romsdal inn i ein omfattande og

¹ FAG-13/19

²<https://www.regjeringen.no/contentassets/aee30e4b7d3241d5bd89db69fe38f7ba/no/pdfs/stm201620170016000dddpdfs.pdf>

³ <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/prop.-89-l-20182019/id2640996/>

langvarig prosess med tilsyn og omorganisering, som det er naturlig at ombudet har god kjennskap til. Det har gitt grunnlaget for etablering og presentasjon av ordninga i relevante fora.

- Møte med fagskolen (leiing og studentorgan) i Kristiansund 14. februar
- Møte med fagskolen (leiing og studentorgan) i Ålesund 24. februar
- Informasjon om rolla og kontaktinformasjon blei lagt ut på nettsidene til skolane i februar
- Dialog med administrasjonen og studentrådsleiarane gjennom våren om status for tilsyn og korleis studentane opplevde undervisninga når skolane ikkje var fysisk opne.
- Sendt innspel til høyring om nytt studentreglement
- Laga et eget grafisk uttrykk til informasjonsmateriell for studentombudet
- Avtalt skolebesøk hausten 2020

Ombudet har ikkje mottatt førespurnadar frå enkeltstudentar skoleåret 2019/2020.

Arbeid vidare

Ordninga med studentombod er no etablert, sjølv om løysing slik den er i dag er midlertidig. Arbeidet vidare frå ombudet blir å sende ut informasjonsmateriell til skolane og gjere ordninga kjent for alle studentane i fagskolen i Møre og Romsdal. I tillegg vil samanslåingsprosessen bli viktig i tida framover. Ombudet er oppteke av at både studentombudet og studentråda blir gitt reel moglegheit til å medverke i relevante prosessar i KS-arbeidet og i samanslåinga av dei to fagskolane. Det er spesielt viktig korleis studentorgana ved skolane er tenkt organisert når dei to skolane skal slås saman.

Tilrådingar frå studentombudet

For å få til ei god ordning med studentombod for fagskolen i Møre og Romsdal som møter krava i fagskoleloven, har studentombudet følgjande tilrådingar:

- Det blir laga ei permanent løysing for ordninga.
- Det blir vedteke eit mandat for studentombudet.
- Studentombudet får møte- og talerett i fagskolestyret.
- Studentombudet får eit eige budsjett.
- Ombudet blir inkludert i den vidare prosessen med samanslåing av fagskolane i Møre og Romsdal.
- Det blir gjort ei vurdering av om studentombudet bør vere på sosiale media.

Nettsida til ombudet finn du på mrfylke.no/studentombod

E-post adressa til ombudet er studentombud@mrfylke.no

Med beste helsing

Tove Regine Stranden

Studentombod for fagskolen i Møre og Romsdal